

---

**Saksnr:** 2023/66912-1**Saksbehandlar:** Torill Klinker

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		29.08.2023
Fylkesutvalet		19.09.2023

## Bruk av statlege midlar frå bompengeforliket: *tilskot til betre kollektivtilbod*

### Forslag til innstilling

- Fylkesutvalet sluttar seg til at det statlege tilskotet for 2023 (108 mill.) vert nytta til planlegging av kapasitetsaukane tiltak i sentrum (4 mill.), vidare plan- og prosjekteringsarbeid og erverv knytt til BT5 til Åsane (32 mill.), samt til å redusera det samla bompengeutaket til BT5 i 2023 (72 mill.).
- Fylkesutvalet sluttar seg til at det statlege tilskotet for 2024 (118 mill.) vert nytta til planlegging av kapasitetsaukane tiltak i sentrum (7 mill.), vidare plan- og prosjekteringsarbeid, erverv og forberedande entreprisar knytt til BT5 til Åsane (111 mill.).

### Samandrag

Gjennom byvekstavtalen vert Bergensområdet tildelt 108 mill. kr for 2023 og 118 mill. kr. for 2024 over *post 66, tilskot til betre kollektivtilbod*. Midlane skal nyttast til *Bybanen*, utan nærare konkretisering. I styringsgruppa for Miljøløftet har fylkeskommunen forplikta seg til å konkretisera bruken av 2023-midlane i løpet av året. For å sikra kontinuitet og framdrift kjem fylkesdirektøren i denne saka med framlegg til bruk av midlane både for 2023 og 2024.

Rune Haugsdal  
fylkesdirektørJostein Hausevik Fjærestad  
avdelingsdirektør  
Mobilitet og kollektivtransport (MOK)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Denne saka gjer greie for korleis Miljøloftet skal nytte midlane vi har fått gjennom tilskotsordninga til reduserte bompengar og betre kollektivtilbod i dei fire største byområda i 2023 og 2024. For 2023 er den disponible summen til Bergensområdet 108 mill. (2023-kr). og for 2024 er summen 118 mill. (2023-kr).

Tilskotsordninga vart oppretta i 2020, og sikra 110 mill. (2020-kr) årleg til reduserte bompengar og betre kollektivtilbod. Etersom bompengeforliket gjennom vedtak i Fylkestinget (14.12.2022) vart reversert våren 2023, og elbilstakstane samstundes vart auka, kan heile potten frå og med 1. mars 2023 nyttast til *betre kollektivtilbod*.

Følgjande vedtak vart gjort:

1. Vestland fylkeskommune sluttar seg til å reversere bruken av det statlege tilskotet til reduserte bompengar i Bypakke Bergen.
2. I Bypakke Bergen skal takstane for nullutsleppskjøretøy i takstgruppe 1 oppjusterast til nivå før bompengeforliket, inkludert påslag for prisstiging, så snart som råd.
3. Nye statlege midlar skal gå til investeringar i kollektivtiltak i Bergen for resten av perioden.

Følgjande vart vedteke i møtet i Styringsgruppa for Bypakke Bergen den 16. desember 2022: Styringsgruppa i Bypakke Bergen vedtar, med bakgrunn i den lokalpolitiske behandlingen, at tilskudd til reduserte bompengar skal benyttes til bedre kollektivtilbud, så snart reverseringen av takster er implementert. Konkretisering av hvordan tilskuddet til bedre kollektivtilbud skal brukast, vedtas av Miljøloftets styringsgruppe.

Summen på 108 mill. kr i 2023 kjem av at det opprinnelege beløpet på 110 mill. 2020-kr er prisjustert til 118 mill. 2023-kr, og 10 mill. kr er trekt i frå dette beløpet då dei allereie er brukt til reduserte bompengar for elbilar i januar og februar 2023.

I styringsgruppa for Miljøloftet er partane einige om at midlane skal nyttast til *Bybanen*, utan at nærare konkretisering er gjort.

Vegdirektøren har gjennom styringsgruppa for Miljøloftet gjeve uttrykk for at partane må konkretisera bruken av dei statlege midlane, og at vi helst bør nytta midlane i løyvingsåret. Fylkeskommunen har varsla at det kan bli krevjande å omsetja 2023- midlane i løyvingsåret, men vi har forplikta oss til å konkretisera bruken av dei i løpet av året.

### Mogleg bruk av midlane

Fylkesdirektøren har, i dialog med Bergen kommune, identifisert fleire hensiktsmessige bruksområde knytt til *Bybanen*. For fylkesdirektøren er det samstundes viktig å presisera at den endelege finansieringa av BT5 enno ikkje er på plass, og at ein difor må nytta desse midlane med varsemnd og i tråd med god risiko- og økonomistyring.

Følgjande bruksområde for 2023 og 2024 er identifisert (med mogleg utvida bruk for perioden 2025-2026):

Tiltak	2023	2024	2025	2026
<b>Ressursbank stein</b> Vurdering av moglegheit for å etablere ein ressursbank for stein, slik at ein kan nytta om att stein i BT5-prosjektet eller andre prosjekt. Planmidlar i 2023 og delvis 2024. Erverv, innkjøp og gjennomføring i 2024 og 2025.	2	10	10	
<b>Ramper Glas Knag</b> Ombygging av rampene frå Fløyfjellunellen til Glas Knag er eit av dei mest kritiske delprosjekta med omsyn til trafikkavvikling i anleggsperioden for BT5. Ein ynskjer å sjå på moglege utformingstiltak som reduserer konsekvensane for trafikkavvikling, og kortar ned stengingsperioden for rampene. Kostnad og effekt av nye rampar må også vurderast. Skissefase i 2023 og teknisk forprosjekt og eventuelt reguleringsplan i 2024.	1	5	1	

<b>Tunellpåhugg Sandviken</b> Oppstart av arbeid med tunell frå Sandbrogaten til Amalie Skrams veg er satt til 2025. Førebuande arbeid med å etablere tilkomst til tunnelportal er ynskjeleg å få gjort i årsskiftet 2024/25. Kostnader til planlegging og grunnverv i 2023 og 2024. Gjennomføring i 2024 og 2025, etter vedteken finansiering.	20	48	50	
<b>Førebuande arbeid i Nye Sandviksveg</b> Det er behov for å legge om kabel i Nye Sandviksveg i forkant av oppstart av hovudarbeid med tunellpåhugg i Sandbrogaten. Då dette ligg tett på forsvarrets bygningsmassar er det behov for avklaringar undervegs i arbeidet. Planlegging startar i 2023 og forsiktig graving startar hausten 2024.	3	20	10	
<b>Planlegge / gjennomføre innkjøp vognmateriell</b> Det er lang leveringstid på vogner, og det er behov for å førebu arbeidet med å lage spesifikasjonar som sikrar at nye vognar er eigna til eksisterande og ny infrastruktur. Oppstart spesifikasjonar i 2023 og i 2024, oppstart innkjøp i 2024 og 2025.	4	8	6	
<b>Sikre framdrift i høve til uttak og bruk av stein</b> I bystyrevedtaket for reguleringsplanen er SVV bedt om å synleggjere eventuelle alternative løysingar enn Saltimport for uttak og bruk av stein frå Fløyfjelltunellen. For å redusera risiko og sikra framdrift bør dette arbeidet starte så tidleg som mogleg, og i samarbeid med VLFK. Når løysing er valt bør riggareal for steinuttak etablerast.	2	20	20	
<b>Kapasitetsauke på eksisterande linjer</b> Fylkeskommunen har gjennom PS 129/2022 vedtatt at moglegheit for vending i sentrum bør etablerast så snart som mogleg, for å sikra dagens kapasitet og auka framtidig kapasitet på linje 1 til Flesland og linje 2 til Fyllingsdalen. Planlegging i 2023 og 2024.	4	7	4	50
<b>SUM</b>	<b>36</b>	<b>118</b>	<b>101</b>	<b>50</b>

Som tabellen syner er det identifisert hensiktsmessige bruksområde for inntil 36 mill. kr i 2023, medan den tilgjengelege potten med statlege midlar er 108 mill. For 2024 er det identifisert hensiktsmessige bruksområde for 118 mill. kr, i tråd med tilgjengeleg finansiering.

Ettersom endeleg finansiering for BT5 enno ikkje er avklåra ynskjer ikkje Fylkesdirektøren å setja i gong ytterlegare tiltak for å «fylla opp» potten for 2023. I tråd med god risiko- og økonomistyring ser Fylkesdirektøren det i staden som eit godt grep å nytta resten av dei tilgjengelege midlane (72 mill. kr.) til å redusera bompenguttaket til BT5 i 2023.

Gjennom PS 134/2022 slutta Fylkestinget seg til at det vert nytta inntil 102 mill. kr. i bompengar i 2023 til naudsynt førebuande arbeid til BT5. Ved bruk av dei statlege midlane som omtala over vert dermed bompenguttaket for 2023 til BT5 redusert med 72 mill. kr. samstundes som naudsynt førebuande arbeid vert starta opp, framdrifta for prosjektet vert sikra og god risiko- og økonomistyring er ivareteke.

Saka skal handsamast av styringsgruppa for Miljøløftet den 22. september. At saka vert lagt fram for Fylkesutvalet no er ei oppfølging av Fylkestinget sitt vedtak den 14. desember 2022 (PS 134/2022) om at Fylkesutvalet skal orienterast om bruken av bompengar ved viktige milepålar.

### Vedtakskompetanse

Bruk av statlege midlar gjennom byvekstavtalen skal rapporterast til styringsgruppa for Miljøløftet. Denne saka er ei oppfølging av PS 134/22, som vart lagt fram for Fylkestinget den 14.12.2022, der det heiter at *Status skal rapporterast til Fylkesutvalet ved viktige milepålar, som vedtak av reguleringsplan, reforhandling av Byvekstavtalen og andre hendingar som har betydning for framdrift og kostnader.* Denne saka vert difor lagt fram for Fylkesutvalet før endeleg vurdering vert gjort av styringsgruppa for Miljøløftet.

### Medverknad

Denne saka har ikkje vore til handsaming hjå medverknadsorgana.

## Vurderingar og verknader

### Økonomi:

Denne saka har ein positiv verknad for Vestland fylkeskommune, ettersom framdrifta til BT5 vert sikra samstundes som god risiko- og økonomistyring er ivareteke. Å redusera bompengeutttaket har ein større positiv effekt i 2023 enn tidlegare år, ettersom rentesituasjonen gjer at finanskostnadane for bompengegjelda no er relativt høge.

### Klima:

Bruk av statlege midlar som skissert er naudsynt for å sikre det vidare arbeidet for å mogleggjera samfunnsnyttig bruk av stein i prosjektet, og med det styrka berekrafta i prosjektet. Bybaneprosjektet er også viktig for å redusera klimagassutslepp gjennom å overføre reisestraumar frå bil til bybane. Tiltaket er i tråd med nullvekstmålet og satsinga Vestland har på grøn omstilling.

### Folkehelse:

Bruk av statlege midlar som skissert kan redusere negative konsekvensar for folkehelse i utbyggingsfasen, og ferdig utbygd bybane til Åsane vil bidra til utjamning av sosiale skilnader og betre mobilitet for nye område. Universell utforming er ein viktig premiss for Bybanen

### Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Bruk av statlege midlar som skissert vil bidra til å sikra framdrifta til bybaneprosjektet, noko som er i tråd med visjonen vår om å vera nyskapande og berekraftig, med utviklingsplanen sine mål og med andre overordna fylkeskommunale planar og strategiar, og vil bidra til å utvikle gode tenester og eit framtidssretta Vestland.

### Konklusjon

Som det framgår av saka mottok Bergensområdet gjennom byvekstavtalen eit årleg tilskot som skal nyttast til betre kollektivtilbod. For 2023 er den disponible summen 108 mill. (2023-kr.) og for 2024 er den disponible summen 118 mill. (2023-kr.). Styringsgruppa for Miljøløftet har tidlegare einast om at midlane skal nyttast til *Bybanen*, utan nærare konkretisering, men fylkeskommunen har forplikta seg til å konkretisera bruken av midlane i løpet av året.

For Fylkesdirektøren er det viktig å nytta desse statlege midlane slik at dei sikrar naudsynt framdrift og samstundes ivaretek god risiko- og økonomistyring. Ein bruk som skissert i saka, der ein i 2023 nyttar 32 mill. til naudsynt førebuande arbeid for BT5, der 4 mill. kr. vert nytta til kapasitetsauke på eksisterande linjer (moglegheit for vending i sentrum vil sikra dagens kapasitet og auka framtidig kapasitet på dagens linje 1 og 2), og der 72 mill. kr. vert nytta til å redusera bompengeutttaket til BT5, er i tråd med fylkesdirektøren sine ambisjonar for økonomistyring i prosjektet. Å redusera bompengeutttaket er særleg viktig i den perioden vi er inne i no, med høge renter og dermed høge finanskostnader.

For 2024 ser fylkesdirektøren det som hensiktsmessig å nytta heile den tilgjengelege potten til kapasitetsauke og naudsynt førebuande arbeid knytt til BT5. Dersom det vert endringar knytt til bruken vil fylkesdirektøren koma attende til Fylkesutvalet med ei ny sak i 2024.

Fylkesdirektøren peiker på at sjølv om endeleg finansiering av prosjektet ikkje er avklåra, er det å sikra finansiering til planlegging, prosjektering og grunnerverv avgjerande for å vidareføra prinsippet om kontinuerleg utbygging, og dermed følgja opp vedtak fatta av Fylkesutvalet i PS 199/21: *Fylkesutvalet meiner det er viktig å få ei avgjerd i saka no for å kome vidare i planarbeidet, sikre kontinuerleg utbygging av bybanesystemet og unngå tap av kompetanse på utbygging av Bybanen.*

Reguleringsplanen for BT5 vart vedteken våren 2023, og arbeidet med gjennomføring av KS2 for prosjektet startar opp hausten 2023. Slik er vi i posisjon til å sikra endeleg finansiering anten gjennom eige vedtak i 2024, eller gjennom statsbudsjettet for 2025. Det vert likevel lagt opp til ein minimumsproduksjon av naudsynt førebuande arbeid fram til endeleg finansiering er på plass. Dersom den statlege finansieringa vert utsett vil prosjektet kunne stogkast.

Fylkesdirektøren har vore i dialog med Bergen kommune ved utarbeiding av saka.